

SMÅBEDRIFTER- MILJØ- SOSIALT ANSVAR

Ansvar for kvarandre!
Ansvar for miljøet!
Anvar for framtida!

Levande demokrati

Finnøy Venstre vil gjere vegen kort mellom folk og folkevalde. Me ønskjer brei representasjon i alle utval, direkteval av ordførar og at tilsetjing av toppstillingar i kommunen skal skje på åremål.. Venstre vil tenkje alternativt!

Miljø

Me kan gjerna mykje for miljøet i vår kommune. Venstre ønskjer ein miljøplan for å betre ressursforvaltninga på alle plan i kommunen. Planen skal og inspirere bedrifter og befolkninga i kommunen vår til å handle lokalt.

Kultur

Finnøy Venstre vil prioritere dei byggjande krefter i lokalsamfunnet vårt. Me ønskjer i kommande periode å arbeide for å få ein kulturarbeidarstilling på plass i kommunen. Kulturpris skal delast ut kvart år.

Samferdsel

Venstre vil arbeide for å oppretthalde to ferger i nordre del av kommunen. Me skal jobba for oppretthalding av dagens hurtigbåttilbod

Næring

Primærnæringa er fundamentet for mesteparten av næringsaktiviteten i vår kommune. Denne skal styrkast vidare. Me ønskjer å ta vare på mangfoldet både på land og i vatn samt bidra til ei variert matproduksjon med spennande lokale spesialitetar. Vår natur og kultur gjer grunnlag for vidare vekst i heile kommunen.

Bustadbygging

Kommunen skal prioritera tilgang til byggjeklare tomter i heile kommunen. Saksbehandlingen må verte tydelegare og gå raskare.

Buplikt

Buplikt bør avløyast av bulyst. Finnøy Venstre ønskjer ei grundig evaluering og debatt om ordninga. Plikt til å bu er i strid med Venstre si sosialliberale grunnholdning.

Oppvekst

Venstre vil styrke læraranes kompetanse. Me vil setje fokus på omgrepet respekt som eit gjensidig forhold mellom elev og lærar. Venstre vil leggje til rette for eit allsidige barne- og ungdomstilbod samt vidareutvikle barnehagetilbodet i heile kommunen.

Helse og omsorg

Kvaliteten må sikrast på alle plan, frå ansatte og pårørande til dei pleietrengjande. Me vil ha eit omsorgstilbod der brukarane kan bu heime så lenge som mogleg.

Barnevern og sosialtenesta må styrkast.

